

REFERAT FRÅ MØTE I FAU

TID: 29. Oktober kl. 19.30-20.30

TIL STADES: Maren Holthe Gyllenhammar, Eline Guren, Kia Sandra Simonsen, Fredrik Blom, Aleksander Lieungh Østreng og Monika Randar

FAU og SU:

Me starta møtet med å prate litt om kva FAU og SU er. I barnehageloven § 4 står det at alle barnehagar skal ha eit foreldreråd. Det består av alle føresette i barnehagen. Barnehagane kan også ha eit FAU som er eit foreldrearbeidsutval. I Tuv barnehage består det i år av 1 representant frå kvar avdeling, i tillegg har Høllekølten i år to representantar. Ei av avdelingane har to, utifrå storleiken på barnegruppa.

I tillegg til Foreldrerådet skal alle barnehagar ha eit SU. Det skal bestå av like mange representantar av føresette og tilsette. I tillegg er ein representant frå kommunen med. Det er Eva Markegård som sit i SU for Tuv barnehage. Frå FAU sit Maren og Eline og frå dei tilsette i barnehagen sit Hege og Gitte. Styrar er med som møteleiar og skrivar. SU skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. SU kan også fremje saker til politisk handsaming.

FAU skal ha ein leiar. Den har ansvar for å kalle inn til møte i FAU dersom dei treng eit møte utan dei møta styrar kallar inn til. Det er også leiar som er møteleiar dersom ikkje styrar delte,, og passar på at skrivar skriv referat. Det er også leiar som har den direkte kontakten med styrar. Leiar er ein av dei to representantane frå FAU i SU.

Årshjul:

Me har ca to møter i halvåret i FAU og det same i SU. I tillegg prata me om å ha eit felles FAU møte med Ulsåk i vårhalvåret. Det er også ynskje om å ha eit felles arrangement med Ulsåk, og då kanskje helst for dei to eldste kulla i begge barnehagane. Dette kan me ta opp med Ulsåk.

I tillegg er FAU med å arrangere dugnad og sommarfesten.

FAU bruker e-post som informasjonskanal seg imellom. Føresette oppmodast også til å ta kontakt med representantane i FAU direkte eller ved å bruke postkassene på avdelingane, dersom dei har saker dei ynskjer å lyfte.

Konstituering av FAU:

Leiar: Maren Holthe Gyllenhammar

Nestleiar: Aleksander Lieungh Østreng

Kasserar: Kia Sandra Simonsen

Skrivar: Eline Guren

Dugnadsildsjel: Fredrik Blom

Ref. Monika 😊